



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Vest Agder fylkeskommune
Aust Agder fylkeskommune

Dato: 26.10.2017
Vår ref.: 2017/16226-1
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:

Medeigarskap i BT Signaal/Sørvest Ferge

Bakgrunn

I samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt kjøp av BT Signaal AS er det oppretta eit selskap, Sørvest Ferge AS. Sørvest Ferge AS har overteke alle aksjane i BT Signaal AS med aktiviteten knytt til selskapet sine kontraktar for AutoPASS billettering på ferje og Admin Tolling. Ferjekontraktane omfattar AutoPASS-billettering for sambanda Flakk-Rørvik og Horten-Moss.

AutoPASS ferje-billettering og Admin Tolling er ein kommersiell aktivitet som ikkje er omfatta av avtaleverket for bompengeinnkreving. Samferdselsdepartementet sette derfor som krav for Sørvest Bomvegselskap sitt kjøp av BT Signaal AS at dette forretningsområdet måtte utskiljast. Denne utskiljinga vart også varsle og drøfta på generalforsamlinga i Sørvest Bomvegselskap 3. juli 2017. Frå saksutgreiinga til sak 4:

«Det vert arbeidd med å få på plass ei selskapsteknisk løysing som gjer at ferjekontraktane kan skiljast ut i etterkant av kjøpet, lagt inn i eit eige selskap.»

Om eigarskapet i Sørvest Ferge AS

Sørvest Ferge AS er per i dag fulleigd av Hordaland fylkeskommune. Fylkesutvalet i Hordaland løyvde 22. juni 2017, sak 179/17, kr. 1 000 000 til kjøp av aksjar i selskapet. I samband med selskapsetableringa har HFK investert i alt kr. 1 056 302 i Sørvest Ferge AS.

Frå saksutgreiinga framgår det at:

«Utskiljing av ferjekontraktane til eit eige selskap er eit grep som gjer det mogleg å fullføra kontraktane som BT Signaal har for AutoPASS ferje - samstundes med at driftsapparatet i BT Signaal vert tilgjengeleg i og for Sørvest Bomvegselskap til bompengeinnkreving. Dersom BT Signaal AS vinn kontrakten om å bli sentral tenesteleverandør for AutoPASS ferje, er det aktuelt å styrka eigenkapitalen i «AutoPASS ferje- selskapet» i løpet av hausten.»

Fylkesutvalet vedtok samstundes at:

«Fylkesrådmannen legg fram sak om eigarmessige forhold og vedtekter for eit «AutoPASS - ferje selskap» etter utskiljinga og etableringa av selskapet.»

Sørvest Ferge AS og BT Signaal AS vil slåast saman ved fusjon før årsskiftet 2017/2018, slik at ein står igjen med direkteeigarskap i BT Signaal AS.

Invitasjon til medeigarskap

BT Signaal AS er eit selskap av som kan få stor økonomisk verdi. Selskapet har god kompetanse på

AutoPASS billettering og har nyleg vunne kontrakten med Vegdirektoratet om å bli sentral tenesteleverandør for AutoPASS ferje. Denne kontrakten er enno ikkje rettskraftig, då ein av tilbydarane har klaga på tildelinga.

Det er no aktuelt for fylkeskommunane å delta på eigarsida på like vilkår med Hordaland fylkeskommune, slik det vart varsle i generalforsamlinga. Tildelinga av den store kontrakten som sentral tenesteleverandør gjer det ynskjeleg å styrke eigenkapitalen i BT Signaal AS. Sett i høve til storleiken på denne kontrakten og for å bli eit meir robust selskap i høve til konkurransen om andre kontraktar, er det planlagt å styrka eigenkapitalen med minst 4 mill. kr., eventuelt ved at dei øvrige fylkeskommunane kvar skyt inn same beløp som Hordaland fylkeskommune, dvs. kr. 1 056 302. BT Signaal AS har likevel allereie i dag ein aktivitet som er forventa å gje godt overskott på drifta.

Av omsyn til den vidare prosessen med kontrakten som sentral tenesteleverandør for AutoPASS ferje, er det ynskjeleg med eit snarleg svar på om ein vil eiga i BT Signaal AS og ta del i kapitalutvidinga. Den formelle kapitalutvidinga vert seinare lagt fram til vedtak i selskapet sine organ, dvs. styre og generalforsamling. Vedlagt følgjer eit notat frå Wikborg Rein om nye aksjonærar og oppkapitalisering.

Med helsing

Pål Kårbø
Fungerande fylkesordførar
i Hordaland

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Memo - kapitalforhøyelse